

GSI-notat 2020/21-tala

Overordna tal:

I skuleåret 2020/21 byrja 7117 nynorskelevar i fyrste klasse. Det er ein nedgang på 25 elevar sidan 2019/20, då det var 7142 elevar som tok til med nynorsk som hovudmål.

Det byrja samstundes 52.448 bokmålselevar i skulen 2020/21, og det er og ein nedgang på 320 elevar frå året før, då det byrja 52.768.

I berre eitt fylke er det oppgang i talet på nynorskelevar som tek i på skulen. Det er i Rogaland. Og i Trøndelag går talet på nynorskelevar frå 3 til 6. Her er det berre snakk om elevar på ungdomstrinnet.

Dei samla tala for skuleåret 2020/21 er 554 525 bokmålselevar og 74 179 nynorskelevar. Det gjev ein nynorskprosent på 11,6.

For skuleåret 2019/20 var dei samla tala 554 492 bokmålselevar og 75 245 nynorskelevar. Det gjev ein samla nynorskprosent på 11,8.

Rogaland: I Rogaland starta det fleire nynorskelevar i år enn i fjer, samstundes som det tok til færre bokmålselevar:

2019/20: 4 773 (bokmål) 1359 (nynorsk)

2020/21: 4 585 (bokmål) 1442 (nynorsk)

Det gjev er 83 fleire nynorskelevar som tek til i skulen i år enn i fjer og ein nedgang i bokmålselevar på 188 elevar. Men samla tal for alle ti stega er færre nynorskelevar og fleire bokmålselevar.

Den einaste kommunen som skil seg ut er Karmøy, som har ein nedgang i bokmålselevar og oppgang i nynorskelevar, og der det på Grindhaug skule tek til nesten dobbelt så mange nynorskelevar i fyrste klasse som i fjer.

Møre og Romsdal: Her går det samla talet på born i grunnskulen ned, men nedgangen er mykje større i talet bokmålselevar enn nynorskelevar. Medan det berre er 5 færre nynorskelevar i 2020/21 er det heile 240 færre bokmålselevar. Men som i fjer er det fleire nynorskelevar som tek til på skulen enn bokmålselevar. Sjølv om skilnaden er svært liten, og den har svinga litt dei siste åra.

I Ålesund kommune: Nynorskklassen på Flisnes skule att, etter to år utan. Ikkje ny bokmålsklasse på Skodje skule, slik det var i fjer.

Vestland: I Vestland går talet på nynorskelevar ned med heile 532 elevar, medan talet på bokmålselevar går opp med 73. Det er likevel gledeleg at det i år for fyrste å ikkje tek til ein einaste bokmålselev i tidlegare Sogn og Fjordane. I Kinn kommune, som er den siste kommunen i det gamle fylket som har hatt *ei* nynorskkasse, er det ingen elevar som startar i nynorskklassen skuleåret 2020/21. I gamle Sogn og Fjordane åleine går talet på elevar ned med 348 elevar

Nedgangen held fram i Arna: Nedgang på Garnes, Lone, Ytre Arna har nesten ikkje nynorskelevar att. Ådnemarka har litt fleire nynorskelevar dei siste to åra, enn dei førre.

Agder: Berre demografi. Talet på ungar går ned i heile fylket. I den einaste kommunen med parallelklasser, Evje og Hornes, er det fleire elevar som tek til i nynorskklassen i år enn i fjer (33 mot 28), og færre tek til i bokmålsklassen (13 mot 17).

Vestfold og Telemark: Her går og det samla talet på elevar ned med nesten 1000, og talet på nynorskelevar går ned med 38. Hjartdal har under 10 elevar på nesten alle trinn, men både nynorsk

og bokmålselevar på alle trinn. I Midt-Telemark er det fleire nynorskelevar som tok til i år enn det har vore på sju år. På Bø skule er det over dobbelt så mange elevar som tek til med nynorsk i år, enn i fjor (14 mot 6). Dette vert den største nynorskklassen på skulen. I Sauherad er det og heile 4 nynorskelevar, mot 0 og 1 alle åra før.

Innlandet: Her går talet på elevar dramatisk ned. Det er over 2000 færre elevar i grunnskulen i fylket i skuleåret 2020/21 enn året før. Likevel går talet på nynorskelevar berre ned med 138 elevar.

I Sør-Aurdal tek det for første gong ikkje til ein einaste nynorskelev, då alle fyrsteklassingane på Bagn skule tek til med bokmål.

Jostedalen, 20. desember 2020, Marit Aakre Tennø